

## 05/24. Referat frå møte i Strandebarm sokneråd

**Stad:** Kyrkjelydshuset.

**Tid:** Torsdag 18.06.24 Klokka 19.00 – 21.40.

**Desse møtte:** Margun M. Tordal, Renate B. Nernes, Helena de Groen, Jorunn B. Lillefosse, Lillian H. Fosse, Vetle K. Eide, Olav Tombre (frå styret i kyrkjelydshuset)

**Forfall:** Kjell Hoff og Tor Håkon Berge.

Margun ynskte velkommen og Helena hadde ord for dagen.

### Ingen merknader til møteinnkalling og referat.

### Meldingar:

- Olav orienterte om kva styret i kyrkjelydshuset gjer og korleis det fungerer. Styret skal no utarbeida kostnadsoverslag på kva det vil kosta med blanding av vindauge i storesalen kontra det å setja opp ein storskjerm på veggen mot kjøkken. Det er vanskeleg å sjå det som blir vist på projektor pga ljøs. Golvet i kyrkjelydsalen skal reparerast til hausten.
- Vippsresultat Fasteaksjonen: Kirkens Nødhjelp får ikkje fram resultatata for kvar enkelt kyrkjelyd. VIPPS hadde problem med å framskaffe desse. I Strandebarm sokn kom det inn kr 10823 i kontantar. Elles ser det ut som resultatet totalt var veldig likt fjoråret, iflg. Kirkens Nødhjelp.
- Ta med isboksar, tomme plastboksar til å ha matrestar i på kyrkjelydshuset.
- Urinalen er fiksa. Røyrleggjar Skogvoll meinte det var enklast og billigaste måte å løysa dette på.
- Offer 17.mai: Vel 2000,-.
- Orgelnemnd og ny rapport. Nemnda vil ha ny rapport vedr. orgeltilstanden i kyrkja, og den skal sendast til alle 3 orgelbyggjarane i Noreg slik at dei kan koma med kostnadsoverslag m.m. Oddvar Brakestad er også komen med i nemnda.
- Jonsokafta, søndag 23.06. arrangerer sundagsskulen grill- og bålfest på Evja kl.18.00. Alle er velkomne. Dette vert også kunngjort på Friidrettsfestivalen i Strandebarm same helga.
- Lillian orienterte om samlinga for 6- åringane som hadde vore i forkant av gudstenesta. På gudstenesta får dei utdelt 6 årbok. 9 komande 1.klassingar møtte.
- Den tradisjonelle pilgrimsvandringa Haukås-Holsete 2.pinsedag var vellukka, men me vil jobba vidare med å få gjort den meir barnevenleg med td, natursti/postar – quiz som blir oppsummert/premiert på Holsete.
- Veke 42: 14-20 okt. «Kvammaveko», Irene Kinunda Afriyie (kjent frå Fargespill), held foredrag (Psykisk helse). Kanskje Stb sokneråd skal arrangera noko innanfor

same tema i «Kvammaveko»? Me støttar opp om dei arr som er planlagte i år, og kan gjerne vera med å arrangera temakveldar mm til neste år.

- Nytt bord er på plass bak i kyrkja. Pris: ca 5500,-
- Konfirmantjubleumsfest: Inger Karin hjelper til med å skaffe adresser, men soknerådet må også vera med å hjelpa til. Tidlegare konfirmantjubilantar har sett pris på tilstellinga.

#### **Sakliste:**

**32/24: Måltidsfelleskap med spesiell invitasjon til Børsheim bedehus.**

**Vedtak:** Me vil først laga til ein medarbeiderfest med mat/servering (sept). Event invitera til måltidsfelleskap i nov./des.

**33/24: «Kirka vår».**

Vettle orienterte om nokre av dei verktøy/hjelpemiddel som me som kyrkjelyd kan bruka i planlegging og utføring av arbeidet vårt, rapportskrivning mm. Dette er ei felles plattform for alle sokn i Noreg.

**34/24: Gudsteneste 13.10.24.** Felles gudsteneste 13.10. kl.11.00 i Øystese kyrkje?

**Vedtak:** Dette sa soknerådet ja til.

**35/24: Offerliste 2.halvår -24.**

**Vedtak:** Denne vert utsett til fyrste møte etter sommaren. Margun set opp eit forslag og må ha klar eit til fyrste gudstenesta i august.

**36/24: Evaluering av vårhalvåret-24 og framoverblikk for haust-24.** Kva fungerer fint pr. dag? Kva kan gjerast endringar på? Kva ynskje og mål har me for hausthalvåret -24:

Det kom fram mange forslag som me kan tenkja over og kanskje arbeida vidare med til hausten, td:

- Prøva å få både konfirmantar og foreldre meir med i arbeidet
- FLeire treff for småbarn
- Meir samarbeid med andre lag/org., td Kulturskulen.
- Meir diakoni
- Klarer me og oppretthalda det nivået me har no?

Jorunn B. Lillefosse (ref.)